



FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL

Omsorgskonferansen 2013

KVALITETSFORBETRING; ein «happening» eller kvardagsaktivitet?


Quality hotel Alexandra , Molde 24.-25.september




PROGRAM

Tysdag 24.september

09.00 10.00	Registrering. Kaffi og rundstykker.
10.00 10.30	Velkomen til den 7. omsorgskonferansen i Møre og Romsdal Greta Irene Hanset Fylkesmannen i Møre og Romsdal Kunstnerisk innslag
10.30 11.15	Øpningsforedrag Elizabeth Arntzen, seniorrådgivar Statens Helsetilsyn
11.15 11.30	Pause
11.30 12.15	"Morgendagens omsorg" Kristin Løkke, seniorrådgivar Helse- og omsorgsdepartementet
12.15 13.15	Lunsj
13.15 14.00	"Omsorgsplan 2020" Ingvild M Svendsen, seniorrådgivar Helsedirektoratet
14.00 14.30	Pause med tid til posters/stands
14.30 15.15	"Det er mykje god omsorg i god kvalitet" Vidar Hagerup, kvalitetssjef Helse Møre og Romsdal
15.15 15.45	Pause med tid til posters/stands. Kaffi og kake.
15.45 16.30	«Holde orden i eget hus» Christian Bjelke, direktør/fylkeslege Fylkesmannen
16.30 16.45	Pause
16.45 17.30	«Menn i helsevesenet- fremtidens redningsmenn» Frode Rønsberg, Rekrutteringsminister Trondheim Kommune
17.30 18.00	Utdeling av Omsorgsprisen 2013 med underholdning
20.00	Middag i restauranten



Onsdag 25.september

08.30 08.35	God morgon.
08.35 09.15	"Kvalitet i lys av raushetens og verdighetens økonomi" Irene Nygårdsvik, Speculatoriet
09.15 09.30	Pause
09.30 10.15	Modell for kvalitetsforbedring og læringsnettverk Trude Konsmo, seniorrådgivar Nasjonalt kunnskapssenter for helsetjenesten
10.15 10.35	Innleiing til parallellsesjonane Stephanie Helland, einingsleiar, Rokilde sjukeheim, Kristiansund Trude Konsmo, seniorrådgivar Nasjonalt kunnskapssenter for helsetjenesten
10.45- 12.15	Parallellsesjonar 1. Hygiene —Innleiing ved hygienesjukepleiar ved Helse Møre og Romsdal, Ørsta kommune, Workshop Leiing: Sølvi Røsvik Vågen, Høgskulen i Ålesund og Rigmor Einang Alnes Senter for Omsorgs-forskning Midt-Norge 2. Ernæring —Innleiing ved Britt Olufsen, klinisk ernæringsfysiolog ved Helse Møre og Romsdal, work-shop v/ Stephanie Helland, einingsleiar, Rokilde sykehjem, USH Møre og Romsdal; "Bruk av måletavler— et praktisk verktøy i forbedringsarbeid" 3. Legemiddel samstemming —Innleiing ved Helse Møre og Romsdal, Kommune, Lars Andre Olsen, Høgskulen i Ålesund Utviklingscenter for heimeteneste Work-shop
12.15 13.15	Lunsj
13.15 14.00	"Må det en ulykke til?" Odd Sevlund, HMS motivator
13.45 13.50	Beinstrekk
13.50 14.45	"Rett" kvalitet på helse- og omsorgstjenestene – Hvilke forventninger har pasientene, deres pårørende og samfunnet generelt. Runar Finvåg, Pasient og brukarombod
14.45 15.00	Oppfølging vidare og god tur heim ☺
	 Kommunane arbeider vidare med kvalitet og internkontroll.
2014	Internkontroll- kvalitet som tema i nettverka.
2014	Tema følgjast opp i omsorgskonferansen 2014 og på ulike arena.



Odd Sevlund har frå slutten av 80-tallet aktivt drive med sikrings- og beredskapsarbeid ved Sørlandets Sikkerhets Senter, som instruktør innan brann- og havarivern, førstehjelp og førebyggjande vernearbeid. Og som HMS-kordinator frem til 2005. Sommaren 1996 ble han utsett for ei alvorleg brannskade på Sørlandets Sikkerhets senter Han fekk eit lengre opphald på brannskadeavsnittet, Haukeland Sjukehus der det blei god tid til å tenke over eiga åtferd. Erkjenninga han fekk i sjukesenga var at de fleste avgjerdene tatt i eige liv var tatt av han sjølv.

"Forutsetningene for at jeg den dagen skulle bli alvorlig brannskadd var absolutt tilstede, og forutsetningene var hovedsaklig laget av meg selv. Disse dyrekjøpte erfaringene reiser jeg nå rundt med."



Vidar Hagerup Utdanna anestesijukepleiar. Har arbeidd innan intensiv- og akutt-medisin sidan -95. Tilsett som kvalitetsrådgjevar i fagavdelinga i Helse Sunnmøre i 07, seinare kvalitetsjef i Helse Sunnmøre. Frå 2011 kvalitetsjef i Helse Møre og Romsdal HF. Har vore med å utvikle metode og fulgt prosessen med standardiserte pasientforløp i Helse Midt Norge sidan oppstart i 2008. "Ellers er eg lukkeleg gift, har tre barn, bikkje og ei sur katte :)"



Frode Rønsberg er utdanna sjukepleiar med vidareutdanning i geriatri. Han har jobba fem år som utøvande sjukepleiar i heimetenesta, sju år som einingsleiar og tre år som rekrutteringsminister for prosjektet "Menn i helsevesenet". Trondheim kommune har i perioden 2010 – 2013 gjennomført eit rekrutteringsprosjekt med mål om å bli ein føregangskommune for å kunne rekruttere fleire menn til omsorgssektoren. Prosjektleiar Frode Rønsberg vil presentere framdrift, erfaringar og oppnådde resultat. Han meiner resultatata er oppsiktsvekkande gode og at prosjektet har kartlagt eit betydeleg rekrutteringspotensial med å rekruttere menn til omsorgssektoren. Regjeringa ønskjer no å gjere prosjektet til ei nasjonal satsing



Irene Nygårdsvik eig og driv Spekulatoriet i Bergen der ho gjennom sitt forskingsarbeid sidan 2005 har utvikla eit rammeverk for ein økonomisk tenking kalla "Raushetens og verdighetens økonomi – skaperkraft som økonomiens livsnerve". Hennes andre fagområde er dialog og kommunikasjon.

Irene er utdanna siviløkonom med høgare avdeling frå NHH. Spekulatoriet blei starta opp som resultat av at ho i løpet av doktorgradsstudier ved NHH fann sin eigen forskingsveg. Ho har fleire års praksis frå ulike bransjar i næringslivet. I tillegg sitt ho i ulike styre innan kunst og næringsliv, og har vore medlem av utanriksdepartementets Nasjonale omdømme komité under leiing av Jonas Gahr Støre.



Trulte Konsmo er seniorrådgivar i Seksjon for kvalitetsutvikling ved Nasjonalt kunnskapssenter for helsetenesta .Ho har arbeidd med kvalitetsutvikling sidan 2000 og har arbeidd mykje med metodeutvikling i samarbeid med praksisfeltet og brukarar.

Trulte er prosjektleiar for folkehelsesatsinga Lyst på livet - førebyggjande livscaféar for eldre.

Ho har leia mange læringsnettverk, mellom anna gjennombrotssprosjektet "...med pasientens øyne" og skal bistå i det planlagde nettverket .

Mål:***Konferansen skal bidra til***

- at kvalitetsarbeid blir ein naturleg del av kvardagen
- ei forståing av at det er ein nær samanheng mellom å gi god omsorg og å arbeide kunnskapsbasert.
- betre samhandling
- at metodar og verktøy for forbetningsarbeid blir kjent og nytta.

Konferansen skal stimulere

- den enkelte til å jobbe med forbetningsarbeid
- til innovasjon

Målgruppe:

- helse- og sosialfagleg personell, leiarar på alle nivå i kommune-og spesialisthelsetenesta og NAV
- pårørande, pårørandeforeiningar og brukarorganisasjonar
- politikarar
- tilsette og studentar ved høg-skular og vidaregåande skular i helse- og sosialfag
- andre interesserte

Arbeidsgruppe:

Cato Innerdal, ass. fylkeslege, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Greta Irene Hanset, rådgivar, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Aase Årsbog Dyrset, rådgivar, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Vidar Hagerup, kvalitetssjef, Helse Møre og Romsdal HF

Inger Lise Lervik, prosjektleiar, Utviklingssenter for sjukeheim, Møre og Romsdal

Brit Steinnes Krøvel, prosjektleiar, Utviklingssenter for heimetenester, Møre og Romsdal

Rigmor Einang Alnes, forskerstilling v/ Senter for omsorgsforskning Midt Norge (tenestestad Høgskolen i Ålesund)

Kjellaug F. Finnøy, kurs- og konferanseansvarleg, Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Konferansen er søkt godkjent som meriterande for legar, sjukepleiarar, fysioterapeutar og ergoterapeutar

Evalueringskjema vil bli sendt ut til alle i etterkant av konferansen og link til alle presentasjonar.

Overnatting og opphald skal den enkelte sjølv gjere opp direkte med hotellet. Likeeins må avtale om evt. fakturering takast opp med hotellet i forkant.